



Arkivnr: 2014/10498-99

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Rutinar for tilrettelegging av attestasjonar - Fylkesrådmannen orienterer

Bakgrunn for saka:

I samband med at Hordaland fylkeskommune i frå 1.7.2007 valde Deloitte som ekstern revisor vart det laga rutinar for samhandling mellom Deloitte AS og fylkeskommunen. Desse rutinane inneheld m.a. dette punktet:

«Deloitte vil gjera ei kartlegging av omfanget av attestasjonar på kvar avdeling. Ut frå denne kartlegginga vil det verta utarbeidd rutinar for korleis arbeidet med attestasjonar skal gjerast. Desse rutinane skal kvalitetssikrast av Økonomiavdelinga, fylkeskassen og evt. kontrollstaben før dei vert sett ut i livet.»

Av ulike årsaker vart ikkje slike rutinar utarbeidd i 2007. Erfaringar viser at det no kan vera trong for å utarbeide slike rutinar, både for vanlege attestasjonar og for EU-prosjekt (inkl. Lead Partner-prosjekt). På bakgrunn av dette vart det 5.12.14 halde eit møte mellom økonomiavdelinga, Deloitte og sekretariatet med føremål å starte ein prosess for å utarbeide slike rutinar.

Etter dette møtet vart det protokollert m.a. følgjande:

*«Deloitte vil utarbeide krav til dokumentasjon av attestasjonar. Vidare vil dei kartlegge korleis kvaliteten er på dei enkelte einingane i fylkeskommunen leverer i dag. Dette for å finne ut kva eining som har størst utfordringar og kva eining som har «best practice». **Frist for dette vart sett til 16.1.2015.»***

Sekretariatet har ved fleire høve etterspurd Deloitte munnleg om status. På bakgrunn av dette orienterte Deloitte kontrollutvalet om status i saka i møte 4.5.15 der det vart gjort slike vedtak:

1. *Deloitte skal syta for at arbeidet med rutinar for tilrettelegging av attestasjonar er ferdig innan neste møte i kontrollutvalet, med frist for levering av skriftleg sakstilfang til sekretariatet 8.6.15.*
2. *Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune skal for sin del vera ferdig med deira del av arbeidet, slik at det kan presenterast i møte i kontrollutvalet 21.9.15.*

Saka vart på nytt handsama i møte i kontrollutvalet 17.6.15 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Deloitte skal vera ferdig med sin del av arbeidet med rutinar for tilrettelegging av attestasjonar, slik at det kan presenterast i møte i kontrollutvalet 21.9.15.*
2. *Dette arbeidet må skje i samarbeid med administrasjonen.*

Saka vart på nytt handsama i møte i kontrollutvalet 21.9.15 der det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i møte i kontrollutvalet 4.4.16 for å presentere vedtekne retningslinjer når det gjeld rutinar for tilrettelegging av attestasjonar i Hordaland fylkeskommune.»

Vidare vart saka handsama i møte 5.4.16 og i saksframlegget til dette møtet stod det m.a.:

«Det viser seg at verken fylkesrådmannen eller nokon andre frå administrasjonen har høve til å møte i dette møtet. Sekretariatet har i staden avtalt med økonomisjef Nils Egil Vetlesand at han vil presentere skriftleg dei vedtekne retningslinene når det gjeld rutinar for tilrettelegging av attestasjonar.»

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

1. *Deloitte tek kontakt med økonomisjef Nils Vetlesand for å drøfte betringar i rutinane i tråd med det som kom fram i møtet.*
2. *Redigert versjon av rutinane vert å sende sekretariatet slik at det kan leggjast fram for kontrollutvalet i neste møte.*
3. *Fylkesrådmannen vert beden om å komme i møte 2.5.16 for å presentere den redigerte versjonen av rutinane for kontrollutvalet.*

Drøfting:

Vi har motteke redigert versjon av rutinar for tilrettelegging av attestasjonar. Dette ligg ved saka. Med dette som utgangspunkt er det avtalt at fylkesrådmannen kjem i dette møte for å presentere desse rutinane.

Konklusjon:

Ut frå det som kjem fram i møtet bør kontrollutvalet diskutere seg fram til ein konklusjon. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Notat om attestasjonar dagsett 20.4.16